



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
sfvtpost@statsforvalteren.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2026/4900 - 432.2

Dato 18.06.2026

Protokoll 15.06.26

Sakene: 6/26 - 10/26
Møtestad: Skinnarbu
Dato: 15.06.26

Følgjande medlemmer deltok:

Audun Dølen
Edvard Mæland
Ragnhild Sølberg
Kathrine Kvåle Haatvedt

Følgjande varamedlemmer deltok:

Birger Hovden

Følgjande medlemmer/varamedlemmer hadde meldt fråfall:

Baiba Sheine

Følgjande frå administrasjonen deltok:

Kristian Kvaalen Herregården

Audun Dølen
Leiar

Godkjenning av møteprotokollen:



Sak 6/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden blei samrøystes godkjend.

**Sak 7/26 Søknad om motorferdsel i Brattefjell-Vindeggen LVO - ATV på barmark -
Nåpåtjønn 2 i Hjordal kommune – Andres Ryen**

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Andres Ryen avslag på søknad om barmarkstransport med ATV etter trasé teikna inn på kart lagt ved søknad dagsett 08.05.2026.

Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 1.4 og naturmangfaldslova § 48.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt til Andres Ryen.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Andres Ryen avslag på søknad om barmarkstransport med ATV etter trasé teikna inn på kart lagt ved søknad dagsett 08.05.2026.

Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 1.4 og naturmangfaldslova § 48.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt til Andres Ryen.

Sak 8/26 Referatsaker

Verneområdeforvaltar orienterte styret om delegerte saker sidan sist styremøte.

Sak 9/26 Eventuelt

Lena Romtveit frå Norsk Villreinsenter og Harald Andersen frå Statens naturoppsyn orienterte om status og anna nytt frå deira fagområde.

Forvaltar orienterte om henvendelse frå Rauland hytteforening vedr. parkering ved Varland i samband med åtkomsten til den populære toppen Bossnuten. Det er ein svært populær topptur inn i villrein- og verneområdet, og det er i dag ikkje tilrettelagt parkering for å handtere all ferdsle inn i området.

Hytteforeninga ynskjer ei tilbakemelding på kva verneområdestyret tenkjer om ferdsle og trafikk inn i området samt eventuelle tiltak ved Varlandskrysset for å handtere parkering og åtkomst.

Verneområdestyret drøfta temaet, og konkluderte med at styret i utgangspunktet er skeptiske til å legge til rette for meir ferdsle inn i villrein- og verneområde. Styret er klar over problematikken og



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

utfordringane knytt til dette området. Det er vanskeleg for styret å ta rolla som initiativtakar til slike prosjekt, men vil vere ein samarbeidspartnar viss det blir sett i gong noko prosjekt knytt til dette.

Forvaltar orienterte om status for informasjonstavler i verneområdet. Styret har fått midlar til dette, og det er planar om få utplassert fleire slike tavler i løpet av denne barmarkssesongen.

Sak 10/26 Neste møte

Neste styremøte blir 19. august på Gaustablikk.

Med helsing

Kristian Kvaalen Herregården
seniorrådgiver